

Morten Nilsen til topps

15.01.2011



Morten Nilsen då han dreiv Vertshuset sist sommar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Morten Nilsen var ein av 7 som fredag nådde toppen på Aconcagua i Argentina, som med sine 6962 meter er det høgste fjellet både i Sør- og Nord-Amerika.

Opprinnelig var det 12 med i ekspedisjonen.

3 fekk i siste fase problem med høgda og måtte snu etter nokre timer.

Veret var bra, i tråd med vermeldinga. Laurdag og sundag er det varslet svært kraftig vind, så nordmennene hadde de berømmelege gudane på si side.

No er dei som nådde toppen attende i Camp Berlin (5940 meter) der dei skal overnatte før dei går ned til basecamp. Sundag forlet dei nasjonalparken.

Av Ola Matti Mathisen